

MOTORISK UTFORDRANDE AKTIVITET



REISELEIAREN



REISELEIAREN

I Reiseleiaren vil barna utfordre ulike ferdigheiter knytt til forflytning gjennom ein «late-som-tur». Barna får i tillegg vere kreative i korleis «reisa» blir.

Utstyr

Ingen krav til utstyr.

Forklaring

1. Gjennomførast i grupper på ca. tre og tre barn.
2. Den som er fremst er reiseleiar (guide). Dette kan gjerne vere ein vaksen i starten.
3. Den som er fremst leiar dei andre gjennom ein «late-som-tur», t.d. i skogen, i byen, i verdsrommet eller anna.
4. Den som går fremst fortel då kvar dei er og kva for «hinder» dei må gå over eller komme forbi. T.d. må dei krysse ei elv, klatre over eit tre som har velta, gå under greiner osv..

Variasjon

- Ein kan óg leike at ein er på togtur og at alle i gruppa heng saman i eit langt tog. Toget kan forflytte seg på mange ulike måtar og alle må henge på. Toget kan t.d. gå framlengs, baklengs, sidevegs, krypande, hinkande, på kne osv..